

Grunneigarar på Hantveit, Øvre Opdal, Krossvoll, Kjelby

Og bygdemøte for Austgulfjorden

v/ Inger Kirsti Reknes og Liv Marit Kjelby

Kjelbjuvegen 117,

5960 DALSØYRA

Krossvoll den 24.07.15

Norges vassdrag- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

NY NETTILKNYTING, DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK

KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENSUTREDNING – HØYRINGSUTTALE.

Me viser til overnemde konsesjonssøknad, datert 19.03.2015 med høyningsfrist

29.06.2015. Grunneigarane fekk utsett høyningsfristen til 29.07.2015 på informasjonsmøtet i Gulen 10.06.2015. Vidare viser me til våre brev om Dalsbotnfjellet vindkraftverk sendt til NVE 26.06.2011 og 28.02.2013 og vårt brev til Olje- og energidepartementet datert 14.10.2013, sendt til NVE.

Vi grunneigarar og fastbuande vert ikkje kontakta/høyrd.

Vi som grunneigarar og fastbuande på Hantveit, Oppdalsøyra og elles i Austgulfjorden har vorte halde utanfor i konsekvensutgreiinga ang. Dalsbotn-fjellet vindkraftverk og den planlagde kraftlinetraseen (alt. 2 b) over Austgulfjorden og bein linje vidare til Frøyset transformatorstasjon. Me finn utredninga både mangelfull og lettvint. Ingen av grunneigarane eller fastbuande i bygda er kontakta i denne prosessen. Det er me som set på lokalkunnskapen, ikkje internett. Det er me som til dagen vil få alle dei negative inngrepa tett på oss, både visuelt og fysisk. Det er eit paradoks at det er nemnd negative konsekvensar for fritidseigedomar, men me som er fastbuande vert ikkje nemnde med eit ord.

Kulturlandskap, turområde, «ute-skule», rekreasjon osv.

I samband med Kløvtveitutbygginga vart det eit stort inngrep i delar av fjellområda våre. NVE påla utbyggar BKK om best mogelig opprydding etter anleggsarbeidet. Anleggsvegen har gjort rehabilitering og nybygg av sætrane i område mykje lettare. Torvløene i Alvedalen er eit av dei 5 store prospekta i Kystarven. Restaureringa er det grunneigarar som har stått føre. Elevane ved Dalsøyra skule brukar område som ute-skule, der lærdom om dei gamle tradisjonane og kulturane med torvtaking, utmarkslått, løyping osv. vert gjort i praksis. Dette med tett samarbeid med skolemuseet på Oppdalsøyra, det eldste skulehuset i Gulen. Kulturprosjektet i Alvedalen er ikkje ferdigstilt, den fjerde torvløa og løypestreng opp på Bufjellet, der det ligg mange gamle torvskurdar, skal også restaurerast. Ein fantastisk fin måte å få attende kulturlandskap på. Dette let seg ikkje gjennomførast viss NVE gjev løyve til kraftlinjetraseen.

Heile området som vert råka av kraftlinjetraseen er eit svært mykje nytta turområde både sommar og vinter, fjelltrimpostar med høge besøkstall. Her er det gamle ferdsselsvegar, stølsvegar og tursiar, nyast tilkomne er Kystarv-stiane og Bygdetur-stiane. Dette er mest ikkje nemnd i Zephyr si konsekvensutredning.

Hjortejakt

Heile kraftlinetrassen (alt. 2 b)er planlagd gjennom dei beste områda for hjortejakt i vårt hjortevald.



INON – Faktafeil i bakgrunn for vedtak BROSVIKSÅTA OG DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK.

Sjå NVE`s bakgrunn for vedtak datert 30.09.2013. NVE skriv m.a. i bakgrunn for vedtak:

«Det har siden midten av 1990-tallet vært politisk målseting om at inngripsfrie naturområder i størst mulig grad skal bevarest for fremtiden. Regjering og Storting mener at inngrepsfrie naturområder er viktig blant annet av hensyn til nasjonal arv og identitet, friluftsliv og biologisk mangfold.»

Utbygging av vindkraftverk i Gulen vil samla medføre eit relativt stort bortfall av inngrepsfrie naturområder der. Fylkesmannen peiker på at alle dei omsøkte vindkraftprosjektene i Gulen vil redusere det som karakteriseres som relativ få inngrepsfrie naturområder i kystregionen på Vestlandet.

NVE har også veklagt i sitt vedtak at det er INON sone 2 som blir berørt, som det fins en del av langs kysten, og ingen områder av lokalitetstype «fjord til fjell». Dette er det motsette av det Fylkesmannen skriv.

Etter NVE`s vurdering vil ikkje tiltaket (på Brosviksåta) medføre et vesentlig bortfall av INON sammenlignet med andre prosjekt i området (Dalsbottenfjellet?)

Det er faktafeil i bakgrunn for vedtak som seier at det berre er ca 5% reduksjon i dei inngrepsfrie områda i Gulen, mens det rette er at det vil bli en reduksjon av inngrepsfrie naturområder på nærmere 20 %. Dette er ein stor reduksjon i inngrepsfrie områder i Gulen. Brosviksåta er no vekke frå dette rekneskapet, men eit anna INON-område vil bli redusert ved den nye kraftlinjetraseen.



Kulturminner og fornminner.

Området er rikt på kulturminner, det er også funne mange fornminner i bygda. Sjå høyringsuttale med vedlegg innsendt av Anne G. Waage, datert 26.06.2015

Fugleliv.

I samband med planendringssøknad (2002) til Kløvtveit kraftverk blir det framheva som ei positiv endring at 22kV linja på fjellet ikkje ville bli bygd. «Trusselen denne 22kV kraftlinja ville representere for sårbare fugleartar i området var no ikkje lenger aktuell.» Vi ynskjer ikkje ei endå større linje i området. Sjå høyringsuttalen frå Norsk Ornitologisk Foreining om fuglelivet i området.

Rasfare.

Det er stor rasfare på Kjelby der kraftlinjetraseen er innteikna.

Vassforsyninga

Vil opplyse om at hovedledningen til vassforsyninga for innbyggjarane på Kjelby – Oppdalsøyra går over Halsane og vidare til Kjelby.

Utsegn frå NVE

På informasjonsmøte i Gulen 16.01.2012 ang. utbygging av vindkraftverk i Gulen, svara representanten frå NVE på direkte spørsmål frå salen:» NVE har fram til no ikkje gjeve konsesjon på utbyggingsprosjekt som ikkje er tilrådd av kommunestyret. Kommunestyret i Gulen gjekk i mot utbygging av Dalsbotn vindkraftverk på kommunestyremøte 29.03.2012.

NVE har mellom anna begrunna sitt konsesjonsløyve til Dalsbotnfjellet i at dei måtte ha dette området med i tillegg til Brosviksåta, då linjetraseen vart så kostbar.

Men kva no når Brosviksåta ikkje blir utbygd?

Linjetrase 2B er kun ca. 2 km kortare enn den tidligare planlagde linjetraseen.

Bergens Tidende 5.juli 2015

I Bergens Tidende 5.juli 2015, side 9: «Bremanger: Finansdepartementet har lagt ut til høyring eit forslag om fritak frå eigedomskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.- Lovforslaget betyr fjerning av kommunale skatteinntekter frå vindparkane ! ! !

Belastning

Me som grunneigarar og resten av innbyggjarane, samt andre med sterkt tilknyting til Oppdalsøyra og i Austgulfjorden føler at me i vår del av kommunen får enno ein urimelig stor belastning i form av store skjemmande naturinngrep. Støy og høgfrekvente lyd frå

vindmøllekraftverket. Strålefare, visuell forsøpling, bandlegging av område under og ut frå kraftlinja i vårt bu, næring (skogbruk), tur, rekreasjonsområde.

Me ber hermed NVE seie nei til konsesjon av 132 kV kraftlinje frå Dalsbotn vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon.

Med Helsing

Inger Kirsti Reknes

Liv Marit Kjelby

Kopi:

Gulen kommune,

Sogn og Fjordane Fylkeskommune,

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.